



Velkommen til

Granvin herad

KOMMUNEPLAN FOR GRANVIN HERAD AREALDEL 2014 – 2024

Revidering 2014

Versjon av 2. sep. 2014

Innhold

1	Bakgrunn og målsetjingar for planarbeidet.....	3
2	Informasjon om kommuneplankartet.....	5
2.1	Kommunal sakshandsaming.....	6
2.2	Generelle omsyn.....	6
3	Arealbruk, status og konsekvensutgreiing	6
3.1	Omtale av arealbrukskategoriane	7
3.2	Kommunedelplanar og reguleringsplanar	Feil! Bokmerke er ikke definert.
3.3	Nye utbyggingsareal med konsekvensvurdering	10
3.3.1	Overordna vurdering av nye tiltak og arealbruk	16
3.3.2	Oversikt over nye utbyggingsareal.....	21
4	Føresegner og retningslinjer.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
4.1	Byggeområde	Feil! Bokmerke er ikke definert.
4.1.1	Felles føresegner for byggeområde	Feil! Bokmerke er ikke definert.
4.1.2	Byggeområde for bustader.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
4.1.3	Byggeområde for fritidsbustader	Feil! Bokmerke er ikke definert.
4.1.4	Anna byggeområde - naust	Feil! Bokmerke er ikke definert.
4.1.5	Byggeområde næring	Feil! Bokmerke er ikke definert.
4.1.6	Byggeområde idrettsanlegg	Feil! Bokmerke er ikke definert.
4.1.7	Anna byggeområde - småbåthamn.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
4.2	Landbruks- natur, og friluftsområde	Feil! Bokmerke er ikke definert.
4.2.1	LNF-område.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.

1 Bakgrunn og målsetjingar for planarbeidet

Den første kommuneplanen for Granvin herad vart vedtatt i 1987. I 2003 starta arbeidet med å lage ein ny kommuneplan, og Granvin heradsstyre vedtok kommuneplanen sin samfunnsdel i 2005. I jsept vart det gjort oppstartsvedtak om kommuneplanen sin arealdel, og planprogram for arealdelen vart vedtatt i desember same året. I det første halvåret i 2007 blei det gjennomført 3 opne folkemøtar om arealplanen og fire arbeidsgrupper jobba med emna barn og unge, infrastruktur, bustad- og hyttebygging og næring. Den eksisterande arealdel vart vedteken i 2009

Det er behov for å revidera arealplanen med tanke på mellomstore eller store bustadfelt, dvs. på min 8 bueiningar. Gjeldande arealdel oppfyller på dei fleste andre område dei behov for arealplanlegging me har.

Saksgang i revideringa

31.01.12: Vedtak Granvin formannskap om oppstart av revidering av kommuneplanens arealdel i samband med framlegg til planstrategi 2012-2015. Etterfølgjande utsending av varsel om oppstart og høyring av planprogram

19.03.12: Frist for merknader. Det kom inn 3 merknader

19.09.12: Vedtak av planstrategi 2012-15 der revideringa ikkje er prioritert. Arbeidet vert sett på vent.

06.11.13: Vedtak i sak om prioritering av bustadfelt: Området sør for Skielva vert prioritert framfor arealet i Kjerlandshagane. Arealet ved Skielva ligg ikkje i kommuneplanen.

10.02.14: Oppstart av reguleringsplanarbeid for Skielva bustadfelt som endring av kommuneplan.

18.03.14: Sak om fastsetjing av planprogram i Granvin formannskap for revidering av kommuneplan. Dette er vert gjort parallelt med arbeidet med bustadfelt i Skielva, som då vert i samsvar med revidert kommuneplan. Det trengst då ein oppdatering av planstrategien.

Vår/sommar: Innsamling av informasjon og oppdatering av planframlegg

Forventa framdrift

09.09.14: Handsaming i formannskapet om utlegging til offentleg ettersyn

Sep/okt : Informasjonsmøte

Nov: Handsaming av innspel og merknader

Nov/des: Slutthandsaming/ endeleg vedtak

Visjon:

Trivselsbygda Granvin

- Granvin har mange kvalitetar som gjer Granvin til ein god plass å vera. Særleg i høve til natur og kultur finn me kvalitetar og tradisjonar som kan spelast på og vidareutviklast.

Trebygda Granvin

- Ein raud tråd i mykje av utviklingsarbeidet i Granvin. Med fokus på miljøvennlige løysingar og kvalitet ønskjer me å vidareutvikle verdiskaping og bruk av dei vestlandske skog/treressursar. Med ordet «trebygd» tenker ein difor både på tre som ressurs og bygg materiale, men og som bindeledd og kunnskap i samfunnet.

Overordna mål:

Gjera Granvin attraktiv for innbyggjarar og næringsliv ved å skapa trivsel og livskvalitet

- Resultatet me ynskjer er ei bygd som lever og fungerer på ein slik måte at den motiverer ungdom til å bli verande, koma attende og verta gamal i Granvin.

I plan- og bygningslova § 11-1 er det sett krav til kommunane om utarbeiding av kommuneplan. Minst ein gong kvar valperiode skal det takast ei samla vurdering av heile kommuneplanen og eventuelt gjennomføra ei rullering.

”Kommunen skal utføre en løpende kommuneplanlegging med sikte på å samordne den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utviklinga innenfor sine områder”.

Satsingsområde for kommunen:

Prioriterte satsingsområde for Granvin herad vart vedtatt i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Dette er:

- barn og ungdom
- fysisk miljø
- kulturbasert næring
- samarbeid

Viktig for desse områda er tilrettelegging for stadutvikling, tilrettelegging for næringsutvikling og å utvikla eit konkurransedyktig bustadtilbod. Satsingsområda er vidareført i arbeidet med arealplanen gjennom planprogrammet. Det har vore hovudfokus på

- attraktive bustadareal for å legge til rette for ein folketalsauke
- ungdom og tilrettelegging for aktivitetstilbod
- tilrettelegge for god stadutvikling med universell utforming og gode oppvekstvilkår
- småskala næringsutvikling og reiseliv knytt til natur og utmark
- etablere område for småbåthamn

2 Informasjon om kommuneplankartet

Kommuneplanen sin arealdel syner ei langsiktig arealbruk av alt areal på land og i sjø. Denne arealdisponeringa vert vist på plankartet. Plankartet er saman med føresegner og retningslinjer gjeldande frå det tidspunktet planen er godkjent av heradsstyret i samsvar med plan- og bygningslova. Verknader av kommuneplanen går fram av § 11-6 i plan- og bygningslova:

§ 11-6. Rettsvirkning av kommuneplanens arealdel

Kommuneplanens arealdel fastsetter framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyrets vedtak bindende for nye tiltak eller utvidelse av eksisterende tiltak som nevnt i § 1-6. Planen gjelder fra kommunestyrets vedtak, dersom ikke saken skal avgjøres av departementet etter § 11-16. Tiltak etter § 1-6 må ikke være i strid med planens arealformål og generelle bestemmelser, samt bestemmelser knyttet til arealformål og hensynssoner. Der det ikke gjelder eller er stilt krav om reguleringsplan, jf. § 12-1 andre ledd, skal kommuneplanens arealdel følges ved avgjørelse av søknad om tillatelse eller ved foreståelsen av tiltak etter reglene i § 11-1 første ledd bokstav a til m, jf. §§ 20 - 2 og 20 - 3.

Inndelinga av arealkategoriar er gjort i samsvar med plan- og bygningslova § 11-7:

1. Bebyggelse og anlegg.

Underformål: boligbebyggelse, fritidsbebyggelse, sentrumsformål, kjøpesenter, forretninger, bebyggelse for offentlig eller privat tjenesteyting, fritids- og turistformål, råstoffutvinning, næringsbebyggelse, idrettsanlegg, andre typer anlegg, uteoppholdsarealer, grav- og urnelunder.

2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur.

Underformål: veg, bane, lufthavn, havn, hovednett for sykkel, kollektivnett, kollektivknutepunkt, parkeringsplasser, traseer for teknisk infrastruktur.

3. Grønnstruktur.

Underformål: naturområder, turdrag, friområder og parker.

4. Forsvaret.

Underformål: ulike typer militære formål.

5. Landbruks-, natur- og friluftformål samt reindrift.

Underformål:

- a) areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gårdens ressursgrunnlag,
- b) areal for spredt bolig-, fritids- eller næringsbebyggelse mv., jf. § 11-11 nr. 2.

6. Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone.

Underformål: ferdsel, farleder, fiske, akvakultur, drikkevann, natur- og friluftsområder hver for seg eller i kombinasjon.

Det kan gjevast utfyllande føresegner og retningslinjer til dei ulike arealkategoriane. I motsetning til føresegnene er ikkje retningslinjene juridisk bindande. Det er laga relativt omfattande retningslinjer til dei ulike arealkategoriane. Desse vil vere retningsgjevande ved handsaming av nye tiltak og planar, og seier noko om heradet sine målsetjingar for arbeidet med arealforvaltninga.

2.1 Kommunal sakshandsaming

Ved søknad om byggeløyve og nye tiltak vil kommunen orientere søker om arealdelen til kommuneplanen, eventuell reguleringsplan, plan- og bygningslova og aktuelle særlovar som seier noko om krav og vilkår knytt til tiltaket. Søklar vil og få opplysningar om særskilde omsyn knytt til natur, miljø, landskap, estetikk, risiko- og sårbarheit, veg, vatn og avlaup, så langt kommunen sit inne med informasjon om dette.

Er eit omsøkt tiltak i strid med godkjente planar, kan det faste utvalet for plansaker (formannskapet) gje dispensasjon. Ved dispensasjon skal det leggast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge. Fordelane ved å gje dispensasjon må etter ei samla vurdering klart større enn ulempene etter en samlet vurdering.

Ein søknad om dispensasjon må vere grunngjeven. Berørte naboar skal varslast, og statlege og regionale myndigheiter skal få høve til å uttale seg før det vert fatta vedtak i saka. Ein søknad om dispensasjon vil difor krevje ei relativt lang sakshandsamingstid.

2.2 Generelle omsyn

I samband med utbyggingstiltak og planarbeid er det generelle omsyn som må takast. Dette er viktige samfunnsinteresser basert på sentrale føringar, rikspolitiske retningslinjer, fylkesplanar, kommuneplanen sin samfunnsdel og lokale kartleggingar.

- Barn og unge sine interesser – barnetrakkregistrering (skal kartfestast snarast mogleg)
- Universell utforming
- Natur- og landskapsverdiar – verna område, naturtypekartlegging, viltkartlegging, landskapsanalyse og viktige friluftsområde
- Byggeskikkretteleiar
- Funksjonell strandsone – avgrensa av riksveg 7 og kommunal veg mot Hamre
- Kulturminne
- Dyrka mark og kulturlandskap – kjerneområde landbruk
- Vurdering av risiko- og sårbarheit
- Fylkesplanar og rikspolitiske retningslinjer

3 Arealbruk, status og konsekvensutgreiing

3.1 Omtale av arealbrukskategoriane

Bygg og anlegg

Byggeområda omfattar areal til bustadbygging, hyttebygging, naust, næringsverksemd, småbåthamnar og offentleg føremål. På plankartet er det skilt mellom eksisterande og ny planlagt arealbruk. For byggeområde som ligg i eller nær landskap med særskild verdi eller sårbarheit skal utbygging skje på ein skånsam måte som tek omsyn til landskapskvalitetane, jf. retningslinjer kap. 4.7. Det vert krav om reguleringsplan for alle nye byggeområde, med mindre dette er omtalt spesielt. Viktige tema for reguleringsplanar er landskap, risiko- og sårbarheit, veg/parkering, vatn og avlaup.

Landbruk- natur, og friluftsområde (LNF-område)

Størstedelen av arealet i Granvin høyrer til denne kategorien. I LNF- områda er det berre tillate med tiltak som er knytt til produksjon på garden, eller tiltak som er naudsynt for å utøva primærnæring. LNF- kategorien omfattar driftsbygningar i landbruket og andre bygningar som vert nytta i samband med stadbunden næring. Til stadbunden næring vert ikkje rekna; utleiehytter, campinghytter, kårhus i landbruket som ikkje er naudsynte for drifta av garden, våningshus og andre hus som skal nyttast til fritidsføremål, stølar, jakt og fiskebuer som ikkje har direkte tilknytning til landbruksdrift, naust og bygningar for fabrikkmessig landbruks-, gartneri-, akvakultur- og pelsdyrproduksjon. Landbruksveggar og dyrking -/planeringstiltak er søknadspliktig, jf jordlova. I tillegg er det eit generelt forbod mot bygging og frådeling i 100-metersbeltet langs sjøen, etter PLBL § 17-2.

LNF- område med særleg viktige samfunnsverdiar er merka med LNF-L for landbruk og LNF-F for friluftsting. LNF-L utgjer kjerneområde landbruk i Granvin. Desse areala

inneheld dei viktigaste produksjonsareala i kommunen, og område med særskilde kulturlandskapsverdiar. LNF-F utgjer regionalt viktige friluftsområde. Områda skal sikrast ei strengare forvaltning av verdiane gjennom eigne retningslinjer.

Strandsone

Det er lagt inn byggegrenser til sjø. Der det vurderast som naudsynt er denne kombinert med ei sikringssone, der minste byggjehøgde over middelasstand er lagd inn. Funksjonell strandsone ligg mellom riksveg 7 frå Eide til Kvam og sjøen, og mellom kommunal veg frå Røystrand til Hamre og sjøen. Det meste av dette arealet er i LNF- kategorien.

Område for råstoff utvinning

Dette omfattar område for råstoffutvinning dvs uttak av stein/skifer og større deponi av massar. Det vert krav om reguleringsplan, og det er viktig at slike tiltak vert avgrensa i tid, og har ein plan på utforming ved avslutting av tiltaket.

Område for særskilt bruk eller vern av vassdrag og sjøområde

Kategorien omhandlar sjøareal og vassdrag i kommunen. Granvinsvassdraget er verna frå Skjervet og ned til sjøen. Vassdraget må difor handsamast i tråd med rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag.

3.2 Gjeldande planar

3.2.1 Gjeldande arealplanar

Gjeldande kommuneplan

År	Plannamn	Plan-ID	Type
2009-2019	Arealdel	2009001	KP

Reguleringsplanar som gjeld v. revidering 2014

År	Plannamn	Plan-ID	Type
1969	Kvandal	1969001	reg.plan
1970	hyttebygging, Liaset	1970001	disp. plan
1976	hyttebygging, Tveito – Haugsgardane	1976001	disp. plan
1978	Røystrand	1978001	reg.plan
1982	Espeland Hyttefelt		disp. plan
1992	Lussandstølen hyttefelt	1992001	reg.plan
1995	Skytebane Kollanes	1994001	reg.plan
2000	Framitun	2000001	reg.plan
2001	Bebygg.plan Frigardslia hyttefelt	2001001	bebygg.plan
2001	Olastøl hyttefelt	2001002	bebygg.plan
2002	Kongstun hyttefelt	2002001	bebygg.plan
2002	Hamre gnr/bnr 130/7 Hamre	2002002	reg.plan
2002	Koldemyrdokkje hyttefelt	2002003	bebygg.plan

2004	Rv13 Øvre Vassenden-Holven	2004001	reg.plan
2005	Hagasund	2005001	reg.plan
2010	Massedeponi Såkvitne	2010001	reg.plan
2010	Rv 13 Øvre Granvin	2010002	detaljreg.
2011	Frigardslia hyttefelt	2011005	detaljreg.
2011	Eide	2011001	detaljreg.
2011	Kvanndal	2008001	detaljreg.
2011	RV- 13 Holven	2009002	detaljreg.
2012	Massedep. Spildo	2010001	detaljreg.
2012	Sentrumsplan - Tråena	2009003	detaljreg.
2012	Kjerlandskrysset	2011004	detaljreg.
2012	Fv 7 Haukanes	2011002	detaljreg.
2012	Fv 7 Lussand	2011003	detaljreg.
2012	Småbåthamn	2012001	detaljreg.
2012	Sentrumsplan - Stasjonsområde	2012002	detaljreg.

3.2.2 Arealplanar som utgår

Utgår ved revidering 2014

År	Plannamn	Plan-ID	Type
1999	Kommunedelplan for hyttebygging	1999001	KDP
1998	Hovudplan for vassforsyning		Temaplan
2003	Hovudplan for Veg		Temaplan
1998	Kommunedelplan Rv. 13 Hp. 13 Øvre Granvin – Voss grense	1998001	KDP

3.2.3 Arealplanar som vert endra

Vert endra ved revidering 2014

År	Plannamn	Plan-ID	Type
1978	Røystrand	1978001	reg.plan

3.2.4 Arealplanarbeid som pågår

Følgjande planarbeid pågår v. revidering 2014

År	Plannamn	Plan-ID	Type
2013	Nesbø hellegneissone, RÅ2	2013001	detaljreg.
2013	Hyttefelt Lussand	2013002	detaljreg.
2014	Bustadfelt Skielva	2014001	detaljreg.
2014	Espelandsdalen Camping	2014002	detaljreg.

3.2.5 Andre kommunale planar

Andre relevante kommunale planar

År	Plannamn	Plan-ID	Type
2005-2017	Samfunnsdel		KP
	Kommunedelplan Anlegg og område for idrett og friluftsliv 2010-13		KDP
2007-2010	Kommunedelplan Næring		KDP
2009-2013	Kommunedelplan Miljø og energi		KDP
2002-2015	KommunedelplanTrafikksikringsplan for Granvin herad		KDP
2012-2015	Bustadplan 2012-2015		Temaplan

4 Revideringa 2014

4.1 Bakgrunn

Som omtala i planstrategien er Granvin herad sitt overordna mål og største utfordring, både på kort og lang sikt, å auke folketalet. Det er nødvendig å snu trenden for å kunne oppretthalde gode velferds- og tenestetilbod i heradet. Me vert ikkje eit berekraftig samfunn dersom nedgangen held fram. Grunna truande folketalsnedgang må kommunen vere - og stå fram som - ein aktiv samfunnsutviklar som aktivt møter innbyggjarane og deira problemstillingar i kvardagen.

Føremålet er å oppdatere kommuneplanens arealdel gjennom justeringar av eksisterande arealføremål. Hovudvekten er på arealstrategiar som gjer framlegg om nye areal for bustadføremål på meir enn 8 bueiningar. Når det gjeld bustadareal er det særleg overordna grep som er i fokus, det vil mellomstore og store bustadfelt. Det er sjølvstøtt eit ope spørsmål kva som er eit mellomstort bustadfelt, men hensikta med å sette eit minimum for bueiningar er altså å sile ifrå mindre prosjekt.

Granvin herad vedtok i 2015 ein bustadplan. Utgreiing og framlegg i 4.2 tek utgangspunkt i denne.

4.2 Arealstrategiar

Hovudmål for revideringa 2014: Auke folketalet i Granvin ved å stimulere tilflytting.

Hovudstrategi: Skapa eit konkurransedyktig, variert, inkluderande og bærekraftig bustadtilbod.

Med dette følgjer me opp gjeldande samfunnsdel (2005-2017). Måla er tekne frå gjeldande Bustadplan 2012-2015.

Granvin ligg i pendleavstand til regionsentra Voss og Norheimsund og har ein aktiv arbeidsmarknad prega av stor ut- og innpendling. Når Moelven Granvin Bruk er største private arbeidsgjevar, men her er og mange mindre bedrifter. Skog/trenæringa og heradet er største tilbydar av kompetansearbeidsplassar, og dette ønskjer me å satsa vidare på. I disse år ferdigstillast mange store infrastrukturprosjekt rundt Granvin – Hardangerbrua, Vossapakko,

Kvamppakken og fleire rassikringsprosjekt i Granvin herad og nabokommunane. Det er opplagt at Granvin no har ein moglegheit til å byggje vidare på dette.

4.2.1 Bustadareal

Bakgrunnen for planen er ønskje om nye bustadtomter. Dette er eit mål i både kommuneplanen si samfunnsdel frå 2005 og Arealdelen frå 2009. I planstrategien var det lagt inn planarbeid for eit bustadfelt. Val av område vart utgreidd i ei prioriteringssak for heradsstyret som første gong vart lagt fram i mars 2012. Som del av denne vart det føreteke skredvurderingar, landskapsanalysar av elevar frå HiSF og laga kostnadskalkyler. Ein sila då ut to område. Det vart utarbeida ein tomteplan om desse to av Geoplan AS. På bakgrunn av denne, samt administrasjonen sine utgreiingar, vart det lagt fram sak for heradsstyret 06.11.13. Prioriteringa som følgje av dette vart: 1. Skielva
2. Kjerlandshagane

Andre alternativ vart silt frå i prosessen.

Frå planen vart vedteken i 2009 har det ikkje vore starta opp planarbeid på dei områda for bustadfelt som ligg i planen.

Framlegg til nye areal tek utgangspunkt i følgjande strategi:


Nye bustadfelt med kommunal infrastruktur

For areal og bygg skal det vurderast følgjande tilhøve i prioritert rekkjefølgje:

1. Plassering - avstand til sentrumsfunksjonar.
2. Plassering – jordvern, soltilhøve mm.
3. Utbyggingskostnad.
4. Typar areal med husvære som gjer tilgangen til bustadmarknaden meir variert, fleksibel og enklare å kome inn på for nyetablerarar.
5. Typar areal med husvære som er underrepresentert i bustadmassen totalt.

Med Skielva som utgangspunkt har dette ført fram til ein diskusjon om fordeling av bustadområde i nærleiken av sentrum. Dette har då ført til ein spissing av aktuelt framtidig bustadareal inn mot sentrumsfunksjonar. Dette likestillar fleire områder innafor punkt 2-4. Tankegangen er illustrert under.

Figur 1: Overordna arealstrategi for bustadområde



På denne bakgrunn vert det aktuelt å ta ut to områder som ligg utanfor den rosa sirkel og erstatta dem med områder innafor, der Skielva er ein av desse.


Arealstrategien fører difor til at to areal som tidligare låg som framtidig bustadområde vert teke ut:

1. Kjerlandshagane
2. Furunes

I tillegg vert Øvsthus vurdert som eit område der bustadfelt ikkje er einaste løysing, men kor einstilte bygg utanfor/i randsona til dyrka mark kan vera aktuelt. Øvsthus vert difor endra til LNF-spreidd for bustad, med moglegheit for regulering til bustadfelt.

Går me nærmare inn mot sentrum kan arealet rundt Skielva sjåast i samanheng med Hagasund bustadfelt, Granvin daglegvare og ungdomshuset. Dette dannar ei linje på tvers av dalen og gjev ei naturleg avgrensing mot landbruksområdet Kjerland, ei samanhengande dyrka flate som ligg høgare enn tettstaden Granvin. Sjå illustrasjon under.

Figur 2: Tankegang rundt utviklingsretning for bustadareal



På illustrasjonen over er tanken med pilane i vise ein tenkt utviklingsretning. Her begynner utbygging av bustadareal i Skielva Øvre og utviklar seg då nedover mot fjorden og sentrumsfunksjonane. Mot Kjerland bør det difor vera ein klar grense, slik at landbruks- og næringsaktivitet kan utviklast her.

På denne bakgrunn vert det gjort framlegg om følgjande nye bustadareal i revideringa:

Namn	Føremål	SOSI-kode	Beskriving	Areal, kvm	Arealstatus	Nye bueiningar	Krav om plan
B10	Bustad	1110	Skielva Øvre	27 363	Ny	35	Ja
B11	Bustad	1110	Skielva Nedre	30 627	Ny	20	Ja
B12	Bustad	1110	Tråe	9 285	Ny	15	Ja
B13	Bustad	1110	Kongstun	20 907	Ny	20	Ja

Som konsekvens av endra arealbruk vert også føremål for andre areal endra. Sjå alle nye areal i 4.3.

4.2.2 Veg og sti

I revidering 2014 er dei kommunale vegnett oppdatert og klassifisert. I tillegg er det sett opp ein prioritering av tiltak på vegane. Dette erstattar «Hovudplan for veg» frå 2003. Kriterier for prioritering:

- Der er to typar vegar: samleveg og adkomstveg. Samleveg skal generelt prioriterast over adkomstveg.
- Vegens tilstand og tidspunkt for siste tiltak.
- Trafikkmengd – privat og næring.

I tillegg er det ein ambisjon å knyte nye og eksisterande bustadområde til gode og sikre gang- og sykkelstiar. Dette tek utgangspunkt i KDP for trafikksikring 2002-2015, særleg delen som går på fysiske tiltak.

Mål - fysiske tiltak – KDP trafikksikring:

- Gjennomføra fysiske tiltak for å oppnå gode og trygge trafikkløysingar for alle trafikantar i Granvin herad.

Delmål:

- Redusera tal ulykker på vegnettet.
- Gjera skulevegane sikrere.

Følgjande grunnprinsipp er vidare lagt til grunn:

- Jernbanetraseen skal vera ein gjennomgåande gang- og sykkelveg som knytt i hop stiane i Granvin.
- Det skal vera ein føremon å nytte gang- og sykkel i Granvin framfor bil.

På denne bakgrunn er følgjande nye trasear for veg og sti lagt inn:

1. Det er lagt inn ny gang- og sykkelvegar langs riksvegen på austsida av Granvinsvatnet og langs kommunal veg mot Småbåhamn Nedre Røyndstrand. Dette er tiltak frå KDP for trafikksikring 2002-2015.
2. Det skal setjast av areal for gang- og sykkelvegar i samband med etablering av nye bustadområde og nye offentlege bygningar.
3. Ved utbygging av B 10 er det føreslege å ta vekk deler av vegen mellom Røyndstrandsvegen og Kjerlandsvegen, slik at adkomst berre vert gang- og sykkelsti.
4. Ved utbygging av B12 bør krysset Kjerlandsvegen/Industridvegen oppgraderast og gjerne flyttast i samråd med grunneigar.

Pkt. 1-4 går igjen i føresegnene der det er aktuelt.

Oversikt om kommunal veg i kommuneplanen. Under er ei oppdatert oversikt med dei kommunale vegar som ligg i planen. Kommunal veg er registrert som enten samleveg eller adkomstveg, der samleveg er dei vegar som har høgast prioritet. Riksveg (Rv13) er fjernveg og fylkesveg (Fv7) er hovudveg. Desse ligg ikkje i oversikta. Større traktorvegar, private vegar mm. er ogso lagt inn. Desse ligg som truvegrase. Det er ikkje oppdelt mellom gang og sykkel, slik at begge ligg som gang- og sykkelsti. Det ligg ikkje inne trustiar, men

Oversikta inneheld ogso informasjon om vesentlege tiltak som er gjennomført. Dette kan nyttast som bakgrunnsinformasjon for økonomiplan- og budsjettarbeid framover. Det er ogso gjort framlegg om ein grov prioritering mellom vegane med tanke på større tiltak i framtida.

Samla sett erstattar då informasjonen i revideringa 2014 Hovudplan for Veg frå 2003 som styringsdokument, sjølv om noko av informasjonen i denne framleis kan vera aktuell.

Kommunale vegar i Granvin 2014					
Vegnamn	Vegtype	Bruksklasse	Tiltak år/innhald	Prioritet	Lengde, m
Samleveg - Brekke, skår og Jørdre	Samleveg	10	Skal starte opprusting haust 2014 med fullføring i 2015.	1	1 790
Samleveg - Eide	Samleveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	1	713
Samleveg - Kjerlandsvegen	Samleveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	1	1 467
Samleveg - Røystrand	Samleveg	10	Vert delvis rusta opp 2014	1	696
Samleveg - Vindal, Velkje og Haugse	Samleveg	10	Står att å rusta opp bru over Kyrkjeelva. Ligg i øk.plan for 2015. Manglar asfalt	1	1 656
Samleveg - Åsane	Samleveg	10	Er ferdig opprusta i 2014. Manglar asfalt	1	5 029
Samleveg - Folkedal	Samleveg	10	Er rusta opp i 2013 og 2014. Manglar asfalt	2	2 291
Samleveg - Nedre Røystrand, Hamre	Samleveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	2	1 161
Samleveg - Nesheim	Samleveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	2	1 086
				SUM	15 889
Vegnamn	Vegtype	Bruksklasse	Tiltak år/innhald	Prioritet	Lengde
Badeplassen	Adkomstveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	1	94
Badeplassen	Adkomstveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	1	323
Brekke	Adkomstveg	10	Planlagd opprusting 2014 -2015	1	1 292
Hagabrekko	Adkomstveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	1	143
Jørdre	Adkomstveg	10	Planlagd opprusting 2014 -2015	1	838
Kvanndal	Adkomstveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	1	863
Lerkevegen	Adkomstveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	1	202
Lillegraven	Adkomstveg	6	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	1	683
Nodlavegen	Adkomstveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	1	484
Rausvollvegen	Adkomstveg	10	Vert delvis rusta opp 2014	1	814
Sjukeheim, bustadstifting	Adkomstveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	1	224
Skjerpevegen	Adkomstveg	10	Vert delvis rusta opp 2014	1	241
Skår	Adkomstveg	10	Planlagd opprusting 2014 -2015	1	2 413
Spildo	Adkomstveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	1	657
Velkje	Adkomstveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	1	902
Bilde	Adkomstveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	2	1 325
Dale	Adkomstveg	4	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	2	342
Folkedal kai	Adkomstveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	2	86
Framitun	Adkomstveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	2	377
Hagasund	Adkomstveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	2	196
Hamrevegen	Adkomstveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	2	6 274
Haugse	Adkomstveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	2	915
Hausnes	Adkomstveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	2	358
Havås	Adkomstveg	10	Er ferdig opprusta i 2014. Manglar asfalt	2	522
Hesgiljane Folkedal	Adkomstveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	2	444
Klyve	Adkomstveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	2	221
Nedre Røystrand	Adkomstveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	2	247
Nesheim 1	Adkomstveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	2	82
Nesheim 2	Adkomstveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	2	412
Nestås	Adkomstveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	2	1 648
Nodlavegen 2	Adkomstveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	2	77
Sandhaugvegen	Adkomstveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	2	99
Smihaugen Folkedal	Adkomstveg	10	Vert delvis opprusta 2014 i privat regi	2	762
Såkvitne 1	Adkomstveg	10	Er opprusta i 2012-2013	2	741
Såkvitne 2	Adkomstveg	10	Er opprusta i 2012-2013	2	446
Taskjelle	Adkomstveg	10	ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	2	417
Tveito	Adkomstveg	10	Ferdig opprusta i 2014, manglar asfalt	2	2 628
Velkje gamal	Adkomstveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	2	490
Ystås	Adkomstveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	2	435
Øvsthus	Adkomstveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	2	550
Øyane	Adkomstveg	10	Ikkje utført større vedlikehald i dei seinare åra.	2	109
				SUM	30 377
				Total veg	46 266

4.2.3 Vassforsyning

I revidering 2014 er dei kommunale vegnett oppdatert og klassifisert. I tillegg er det sett opp ein prioritering av tiltak på vegane. Dette erstattar «Hovudplan for vassforsyning» frå 1998.

Det er lagt til grunn at vassforsyning i Folkedal vert tilkople vassverket i Kvanndal med leidning i sjø i løpet av vinteren 2014/15 i tråd med økonomiplan og budsjett 2014-2018.

På denne bakgrunn er følgjande oppstilling gjeldande for kommunal vassforsyning:

Drikkevatt - kommunale vassverk		
Namn	Kollanes vassverk	Kvanndal vassverk
Etableringsår	2003	2001
Plassering	Kollanes vassverk	Kvanndal
Forsyningsområde	Granvin sentrum, Øvsthus	Kvanndal, Folkedal
Høgdebassing	Røynstrand	Kvanndal, Folkedal
Reservekjelde	Eide vassverk	Folkedal vassverk
Sikringszone radius m	50	50

Følgjande grunnprinsipp vert i framtida lagt til grunn for nye tiltak innafor kommunal vassforsyning i Granvin herad:

- Granvin herad skal ikkje etablera nye vassverk eller vassforsyning som ikkje er knytt opp til dei eksisterande vassverk.
- Granvin herad skal gje pålegg om påkobling til kommunal vassforsyning der dette er mogleg og fornuftig ut ifrå ein totalvurdering.
- Om private aktørar etablerar vassforsyning til bustadfelt kan Granvin herad forhandle om avtale for drift av dette slik praksis er i td. Voss kommune.

4.3 Nye utbyggingsareal med konsekvensvurdering

4.3.1 Overordna vurdering av nye tiltak og arealbruk

Ved rullering av kommuneplanen sin arealdel er det tatt inn nye tiltak. Dette er bustadareal, areal til fritidsbustader, næringsareal, småbåthamnar m.m. Det er gjennomført ei overordna konsekvensvurdering for desse areala, på bakgrunn av ei sjekklister. Det er tatt utgangspunkt i eksisterande kunnskap om kartlagde verdiar innafor vilt, biologisk mangfald, landbruk, landskap, friluftsliv, trafikktryggleik og tilgjengelig informasjon om skred- / rasfare, grunntilhøve m.m. Eksisterande kartleggingar er utført med avgrensa ressursar, og kan difor vere mangelfulle. Dei vil likevel gje ein peikepinn på kvalitetar knytt til ulike område. Informasjon om særskilde kvalitetar i eit område vil løyse ut krav om grundigare kartlegging og/eller utgreiing av ulike tema i samband med reguleringsplanar eller søknader om tiltak.

Når det gjeld flaumsonekartlegginga i hovudvassdraget har ein undersøkt om nye tiltak vert berørt av ein 200-års flaum. I tillegg har ein nytta seg av lokal kunnskap når det gjeld fare for flaum i sideelvar. Flaumutsette område og område med potensiell rasfare eller leirgrunn vil utløyse krav om grundigare vurderingar av fagpersonar i samband med reguleringsplanar eller søknader om tiltak.

Når det gjeld landskapsanalysen har ein sett om nye tiltak kjem i kontakt med visuelt sårbare område, naturformar med særskild inntrykksstyrke, eller område med verdiar knytt til kulturmiljø eller friluftsliv. Dersom nye tiltak vert berørt av desse tema, er det gjort ei vurdering om det eventuelt skal setjast krav til utforming eller om det skal takast særskilde omsyn ved utforming av reguleringsplan eller tiltak. Det gjort ei konsekvensvurdering som bakgrunn for val av dei nye utbyggingsareal, desse ligg ved i eit eige dokument.

Med bakgrunn i argumentasjon framsett i dette dokument og i tidligare utgreiingar (sjå saksgang/prosess under) vert det framlegg om følgjande nye areal til bustadbygging:

Namn	Føremål	SOSI-kode	Beskriving	Areal, kvm	Arealstatus	Nye bueiningar	Krav om plan
B10	Bustad	1110	Skielva Øvre	27 363	Ny	35	Ja
B11	Bustad	1110	Skielva Nedre	30 627	Ny	20	Ja
B12	Bustad	1110	Tråe	9 285	Ny	15	Ja
B13	Bustad	1110	Kongstun	20 907	Ny	20	Ja

I tillegg er det justert på gjeldande føremål ut frå dagens situasjon og konsekvensar av ny arealbruk til bustadføremål:

Namn	Føremål	SOSI-kode	Beskriving	Areal, kvm	Arealstatus	Nye bueiningar	Krav om plan
SB8	LNFR-spreidd bustad	5210	Øvsthus utviding	60 831	Ny	3/20*	Nei/ja*
SB9	LNFR-spreidd bustad	5210	Kjerland	51 265	Ny	5	Nei
SN3	LNFR - spreidd næring	5230	Beggevik	4540	Ny	5	Nei

Planprosess og medverknad

Saksgang i revideringa

- 31.01.12: Vedtak Granvin formannskap om oppstart av revidering av kommuneplanens arealdel i samband med framlegg til planstrategi 2012-2015. Etterfølgjande utsending av varsel om oppstart og høyring av planprogram
- 19.03.12: Frist for merknader. Det kom inn 3 merknader
- 19.09.12: Vedtak av planstrategi 2012-15 der revideringa ikkje er prioritert. Arbeidet vert sett på vent.
- 06.11.13: Vedtak i sak om prioritering av bustadfelt: Området sør for Skielva vert prioritert framfor arealet i Kjerlandshagane. Arealet ved Skielva ligg ikkje i kommuneplanen.
- 10.02.14: Oppstart av reguleringsplanarbeid for Skielva bustadfelt som endring av kommuneplan.
- 18.03.14: Sak om fastsetjing av planprogram i Granvin formannskap for revidering av

kommuneplan. Dette er vert gjort parallelt med arbeidet med bustadfelt i Skielva, som då vert i samsvar med revidert kommuneplan. Det trengst då ein oppdatering av planstrategien.

Vår/sommar: Innsamling av informasjon og oppdatering av planframlegg

Forventa framdrift

09.09.14: Handsaming i formannskapet om utlegging til offentleg ettersyn

Sep/okt : Informasjonsmøte

Nov: Handsaming av innspel og merknader

Nov/des: Slutthandsaming/ endeleg vedtak

Naturgjevne avgrensingar

I botnen for arbeidet med nye areal har det vore naturgjevne avgrensingar av arealbruken. Granvin herad er ein relativt liten kommune i utstrekning med ca 212 km². Fjellområde og bratte dalsider gjer at ein liten del av kommunen er eigna til utbygging. Kjem ein litt opp frå dalbotnen er mesteparten av aktuelt utbyggingsareal registrerte som potensielt skredfarleg. Dette gjer at mange nye tiltak vil få pålegg om geologiske undersøkingar før endeleg godkjenning av utbygging.

Gjennom hovuddalføret i kommunen går Granvinsvassdraget, eit verna vassdrag som og utgjer ein risiko for flaum. Hausten 2007 fekk kommunen flaumsonekart for hovudvassdraget. Ingen av dei nye planlagte tiltaka kjem i konflikt med 200-årsflaumen for hovudvassdraget, men eitt nytt næringsareal i sentrum ligg nær ein mindre elv som kan vere flaumutsett.

Klimatiske tilhøve som nedbør og vind er stort sett ikkje sett på som avgjerande faktorar ved utveljing av areal, sjølv om det på høgjellet og langs fjorden er værutsatte stader. Det er likevel lagt vekt på å finne klimatisk gode og solrike stader ved lokalisering av nye bustadfelt. Vindtilhøva har og vore drøfta i samband med lokalitetar for småbåthamn. Andre viktige moment som har vore vektlagt ved ny arealbruk er eksisterande infrastruktur, dyrka mark og kulturlandskap, kulturminner, biologisk mangfald og vilt, landskapsverdiar, friluftsliv og strandsoneforvaltning.

Vinteren 2000/2001 vart det gjennomført ein kartlegging av radon i inneluft i Granvin. Hos ca 10 % av husstandane som deltok i undersøkinga vart det funne radonkonsentrasjon som er høgare enn tilrådd nivå på 200 Bq/m³ luft. Det vart ikkje funne områder i kommunen som peika seg ut negativt, men høge konsentrasjonar vart funne i bustader med kjeller og i opphaldsrom i kjeller/sokkeletasje. Det vart tilrådd oppfølging med målingar i einskildbustader i heile kommunen. Det vert difor ikkje tilrådd særskild oppfølging for einskilde område i kommunen i samband med arealplanen.

5 Omtale av arealkategoriar som ikkje er revidert

Fritidsbustader

Det vart lagt til rette for ein god del hyttebygging på 70-talet, gjennom disposisjonsplanar. I fleire av desse områda har det vore lite marknadsføring og fritt sal, og berre eit par av områda har selt alle tomtene. Tradisjonelt er det bygd flest hytter utan bilveg og utan innlagt straum og vatn. På 90-talet var det ein ny prosess med hyttebygging som resulterte i ein kommunedelplan. I området Tveito – Haugsgardane har det vore ca 60 ledige hyttetomter i samsvar med disposisjonsplan frå 1976, fordelt på fem ulike område. I denne arealplanen vert det vidareført hyttebygging i fire av områda, men i noko redusert omfang. Områda ligg inne i arealplanen som LNF- område der det er tillate med spreidd hyttebygging.

I tillegg er det i dag ca 20 ledige hyttetomter på Lussandstølen, og desse tomtene vert vidareført i den nye arealplanen. Det er ca 22 ledige hyttetomter i kommunedelplan for hyttebygging, fordelt på fem felt. Kommunedelplanen for hyttebygging vert vidareført i dagens plan, men det vert opna for ei fortetting/utviding av to felt som har få tomter igjen.

I tillegg til dette er det på bakgrunn av innkomne innspel også opna for bygging av hytter i nokre andre område. I Middalen og ved Stokksel vert det opna for spreidd hyttebygging i område der det allereie i dag er nokre fritidsbustader. På Liaset er det opna for eit utviding av eksisterande hyttefelt. På Lussand er det lagt ut eit mindre område for bygging av hytter. I område Grostøl – Håtjørn vert det arbeidd vidare for å få opna for hyttebygging, trass motsegn frå fylkesmannen.

Det er lagt vekt på at ny hyttebygging i hovudsak skal ta utgangspunkt i dei områda i kommunen som er bygd ut til hytter tidlegare, slik at utbygginga vert samla mest mogleg. Naturverdiar, landskapsverdiar og friluftslivet i områda er vurdert, og omsynet til desse verdiane skal vidareførast i detaljplanlegging, saman med terrengtilpassing og byggeskikk. Heller ikkje i denne planen vert det lagt opp til større tett utbygde hyttefelt i fjellet, med bilveg, straum og innlagt vatn. Mesteparten av den vidare hyttebygginga i Granvin vil difor vere i område for LNF-spreidd hyttebygging, med konkrete føresegner for utbygginga.

Småbåthamn

Det har lenge vore tankar om å etablere småbåthamn i Granvin, både i sentrum og i Kvanndal. Fleire lokalitetar i sentrum har vore drøfta, og omsyn til lokale tilhøve som djupn, vind og straum er vurdert. Nærleiken til sentrum og nytt bustadareal var avgjerande for val av lokalisering i sentrum. Det er lagt til rette for at alle dei tre tettstadene ved sjøen skal få eigne småbåthamnar, noko som til saman vil vere med på å skape ny aktivitet for småbåtlivet i Granvin.

Næringsutvikling

Det er lagt til rette for fleire nye næringsareal i kommunen. I sentrum har ein prøvd å finne eigna areal til etablering av mindre verksemder. Det er lagt vekt på at arealet skal vere minst mogleg eksponert frå sentrum og ligge opp mot eksisterande næringsareal. Dei andre næringsareala er lagt ut på bakgrunn av grunneigarinitiativ, for å støtte opp om nye og eksisterande aktivitetar. I Kjerlandskrysset har det vore planar om aktivitetar knytt til busstopp og servicefunksjonar sidan slutten av 90-talet.

Det er og viktig å ta vare på tradisjonell landbruksproduksjon som ein basis for næringsliv, busetting, kultur og levemåte i Granvin. Dei viktigaste produksjonsareala er kartlagt i omsynssone for landbruk.

Bruk av naturressursar

Granvin herad er rik på naturressursar knytt til landbruk og utmark. Inntektsmoglegheitene innan det tradisjonelle landbruket vert stadig mindre, og for å skape grunnlag for busetting og aktive grender er det viktig å finne nye inntektsmoglegheiter knytt til landbrukseigedomar. Småkraftutbygging er difor peika på som ein viktig naturressurs for Granvin, som ein ynskjer det skal verte opna for i sidevassdrag til Granvinsvassdraget og utanom verna vassdrag. Det er fleire skiferførekomstar i kommunen. Kommersiell utnytting av desse må vegast opp mot natur- og landskapsverdiar.

6 Oversikt over utbyggingsareal - eksisterende og nye

Namn	Føremål	SOSI-kode	Beskriving	Areal, kvm	Arealstatus	Nye buei-ningar	Krav om plan
B1	Bustad	1110	Øvre Vassenden	7 575	Nåverande		
B2	Bustad	1110	Nedre Vassenden	2 837	Nåverande		
B3	Bustad	1110	Folkedal kai	1 925	Nåverande		
B4	Bustad	1110	Røynstrand byggefelt utanfor plan	2 871	Nåverande		
B5	Bustad	1110	Tråe	10 166	Nåverande		
B6	Bustad	1110	Tråe	1 033	Nåverande		
B7	Bustad	1110	Kongstun	1 448	Nåverande		
B8	Bustad	1110	Øvsthus	32 640	Nåverande		
B9	Bustad	1110	Tråena bak elva	8 206	Nåverande		
B10	Bustad	1110	Skielva Øvre	27 363	Ny	35	Ja
B11	Bustad	1110	Skielva Nedre	30 627	Ny	20	Ja
B12	Bustad	1110	Tråe	9 285	Ny	15	Ja
B13	Bustad	1110	Kongstun	20 907	Ny	20	Ja
F1	Fritid	1120	Liaset 1	82 399	Nåverande		Ja
F2	Fritid	1120	Liaset 2	212 087	Nåverande		
FT1	Reiseliv	1170	Nesheim reiseliv	13 598	Nåverande		
FT2	Reiseliv	1170	Campingplass Storegraven	7 457	Nåverande		
FT3	Reiseliv	1170	Seim Camping	29 840	Nåverande		
R1	Råstofutvin-ning	1200	Kvanndal	10 103	Nåverande		
R2	Råstofutvin-ning	1200	Spildo	9 782	Nåverande		
R3	Råstofutvin-ning	1200	Moo	14 646	Nåverande		
N1	Næring	1300	Hamrebygg	4 690	Nåverande		Nei
N2	Næring	1300	Kvanndal kro	4 903	Nåverande		Nei
N3	Næring	1300	Tueteigen	10 543	Nåverande		Ja
I1	Idrettsan-legg	1400	Haugseåsen Skianlegg	689 826	Nåverande		
I2	Idrettsan-legg	1400	Trailkjøring	1 491	Nåverande		
I3	Idrettsan-legg	1400	Råe Skytebane	36 508	Nåverande		
G1	Andre typer	1500	Grendahus	1 543	Nåverande		

M1	Andre typer	1500	Strindeskleiv massedeponi	12 301	Nåverande		
MS1	Andre typer	1500	Miljøstasjon	3 129	Nåverande		
NA1	Andre typer	1500	Folkedal naust	3 061	Nåverande		
NA2	Andre typer	1500	Nedre Røynstrand Naustområde	2 040	Nåverande		
K1	Grav og urnelund	1700	Granvin Kyrkje	7 935	Nåverande		
ON1	Næring/offentleg	2001	Tueteigen barnehage	3 072	Nåverande		
Namn	Føremål	SOSI-kode	Beskriving	Areal, kvm	Arealstatus	Nye buei-ningar	Krav om plan
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur							
E1	Teknisk infrastruktur	2001	Høgspentanlegg	1 561	Nåverande		
E2	Teknisk infrastruktur	2001	Trafokiosk HE	722	Nåverande		
VA1	Teknisk infrastruktur	2010	Kollanes Vassverk	1 091	Nåverande		
V1	Samferdsel	2010	RV13	53 746	Nåverande		
V2	Samferdsel	2010	Fv7	137 889	Nåverande		
V3	Samferdsel	2001	Fv572	68 579	Nåverande		
Namn	Føremål	SOSI-kode	Beskriving	Areal, kvm	Arealstatus	Nye buei-ningar	Krav om plan
Grønnstruktur							
GR1	Grønnstruktur	3001	Kollanes	2 695	Nåverande		
TU1	Turdrag	3030	Jernbanesti	36	Nåverande		
TU2	Turdrag	3030	Jernbanesti	36	Nåverande		
Namn	Føremål	SOSI-kode	Beskriving	Areal, kvm	Arealstatus	Nye buei-ningar	Krav om plan
Landbruks-, natur- og friluftformål samt reindrift							
LNF1	Landbruk	5001	Folkedal kai	2 893	Nåverande		
LNF2	Landbruk	5001	Kvanndal	807	Nåverande		
LNF3	Landbruk	5001	Espelandsvatnet strandsone	106 561	Nåverande		
LNF4	Landbruk	5001	Joberget	406 972	Nåverande		
LNF5	Landbruk	5001	Skjervet og Moo	81 179	Nåverande		
LNF6	Landbruk	5001	Langs Granvinselva øvre del - Klyve, Nesbø mm	183 161	Nåverande		
LNF7	Landbruk	5001	Holven	70 496	Nåverande		
LNF8	Landbruk	5001	Granvin vest	49 450 256	Nåverande		

LNF9	Landbruk	5001	Haukanesberget	109 051	Nåverande		
LNF10	Landbruk	5001	Granvin Vest	20 141 788	Nåverande		
LNF11	Landbruk	5001	Kvanndal - Beggevik Strandsone	148 321	Nåverande		
LNF12	Landbruk	5001	Lussand strandsone	32 408	Nåverande		
LNF13	Landbruk	5001	Lussand	351 006	Nåverande		
LNF14	Landbruk	5001	Uranes Strandsone	127 635	Nåverande		
LNF15	Landbruk	5001	Øvre Granvin	138 842	Nåverande		
LNF16	Landbruk	5001	Seim	190 951	Nåverande		
LNF17	Landbruk	5001	Øvre Granvin	3 282 377	Nåverande		
LNF18	Landbruk	5001	Granvin Nord	68 087 473	Nåverande		
LNF19	Landbruk	5001	Granvin aust	56 301 955	Nåverande		
LNF21	Landbruk	5001	Røyndstrand øvre	7 337	Nåverande		
LNF22	Landbruk	5001	Haukanes Strandsone	139 578	Nåverande		
LNF23	Landbruk	5001	Haukanes-Folkedal strandsone	34 894	Nåverande		
LNF24	Landbruk	5001	Kvanndal-Folkedal Strandsone	46 080	Nåverande		
LNF25	Landbruk	5001	strandsone Store Granven - Holven	13 752	Nåverande		
LNF26	Landbruk	5001	Nedre Vassenden - Storegraven	52 037	Nåverande		
LNF27	Landbruk	5001	Tråena	22 251	Nåverande		
LNF28	Landbruk	5001	Tråena	18 742	Nåverande		
LNF29	Landbruk	5001	Øyane	24 116	Nåverande		
LNF31	Landbruk	5001	Sandhølen	1 452	Nåverande		
SB1	LNFR- spreidd bustad	5200	Vindal	34 205	Nåverande		
SB2	LNFR- spreidd bustad og naust	5210	Folkedal bustad og naust	20 926	Nåverande	4	Nei
SB3	LNFR- spreidd bustad	5210	Jørdre	4 821	Nåverande	2	Nei
SB4	LNFR- spreidd bustad	5210	Brekke	23 750	Nåverande	5	Nei
SB5	LNFR- spreidd bustad	5210	Nesheim	200 529	Nåverande	5	Nei
SB6	LNFR- spreidd bustad	5210	Folkedal Nedre	2 423	Nåverande		
SB7	LNFR- spreidd bustad	5210	Folkedal sjøtomt	9 338	Nåverande	2/10*	Nei/ ja*
SB8	LNFR- spreidd bustad	5210	Øvsthus utviding	60 831	Ny	3/20*	Nei/ ja*

SB9	LNFR- spreidd bustad	5210	Kjerland	51 265	Ny	5	Nei
SF1	LNFR - spreidd fritid	5220	Litlastøl/Tveito/Hau	415 557	Nåverande	5	Nei
SF2	LNFR - spreidd fritid	5220	Olastøl 2	70 023	Nåverande	10	Ja
SF3	LNFR - spreidd fritid	5220	Litlastøl/Tveito/Hau	277 994	Nåverande	8	Nei
SF4	LNFR - spreidd fritid	5220	Skaftdal	59 741	Nåverande		
SF5	LNFR - spreidd fritid	5220	Litlastøl/Tveito/Hau	216 530	Nåverande	7	Nei
SF6	LNFR - spreidd fritid	5220	Lussand	380 692	Nåverande		
SF7	LNFR - spreidd fritid	5220	Stokksel	32 360	Nåverande	2	Nei
SF8	LNFR - spreidd fritid	5220	Litlastøl/Tveito/Hau	386 312	Nåverande	14	Nei
SF9	LNFR - spreidd fritid	5220	Middalen	50 590	Nåverande		
SF10	LNFR - spreidd fritid	5220	Mikkjelstøl	100 016	Nåverande		
SN1	LNFR - spreidd næring	5230	Seim	28 752	Nåverande		
SN2	LNFR - spreidd næring	5230	Spildo	2 974	Nåverande		
SN3	LNFR - spreidd næring	5230	Beggevik	4540	Ny	5	Nei
Namn	Føremål	SOSI-kode	Beskriving	Areal, kvm	Arealstatus	Nye buei-ningar	Krav om plan
Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone							
SV1	Sjø og vassdrag	6001	Espelandsvatnet	673 264	Nåverande		
SV2	Sjø og vassdrag	6001	Hamreelva	2 196	Nåverande		
SV3	Sjø og vassdrag	6001	Ormtjørni	90 702	Nåverande		
SV4	Sjø og vassdrag	6001	Frigardsvatn	46 789	Nåverande		
SV5	Sjø og vassdrag	6001	Kvanndalsvatnet	29 621	Nåverande		
SV6	Sjø og vassdrag	6001	Middagsvatnet	35 352	Nåverande		

SV7	Sjø og vassdrag	6001	Krokatjørn	30 205	Nåverande		
SV8	Sjø og vassdrag	6001	Svartavatnet	83 786	Nåverande		
SV9	Sjø og vassdrag	6001	Krokavatn	611 487	Nåverande		
SV10	Sjø og vassdrag	6001	Lussandfjellet	100 503	Nåverande		
SV11	Sjø og vassdrag	6001	Håttjørn	36 203	Nåverande		
SV12	Sjø og vassdrag	6001	Svortetjørn	35 045	Nåverande		
SV13	Sjø og vassdrag	6001	Folkedalselva	28 358	Nåverande		
SV14	Sjø og vassdrag	6001	Kvanndalselva	66 672	Nåverande		
SV15	Sjø og vassdrag	6001	Storavatnet	25 988	Nåverande		
SV16	Sjø og vassdrag	6001	Fuglavatnet	28 859	Nåverande		
SV17	Sjø og vassdrag	6001	Storvatnet	97 072	Nåverande		
SV18	Sjø og vassdrag	6001	Tjørn Kjerringafjellet	30 532	Nåverande		
SV19	Sjø og vassdrag	6001	Skielva	4 829	Nåverande		
SV20	Sjø og vassdrag	6001	dreneringsgrøft	688	Nåverande		
SV21	Sjø og vassdrag	6001	Hyrpo og Tveitaelva	296 927	Nåverande		
SV22	Sjø og vassdrag	6001	Tråelva	29 748	Nåverande		
SV23	Sjø og vassdrag	6001	Trollavatnet	123 222	Nåverande		
SV24	Sjø og vassdrag	6001	Granvinselva øvre del	179 865	Nåverande		
SV25	Sjø og vassdrag	6001	Katteråna	7 856	Nåverande		
SV26	Sjø og vassdrag	6001	Granvinsfjorden	15 529 008	Nåverande		
SV27	Sjø og vassdrag	6001	Granvinsvatnet	4 131 654	Nåverande		
SV28	Sjø og vassdrag	6001	Granvinselva nedre	32 127	Nåverande		
SV29	Sjø og vassdrag	6001	Kyrkjeelva	4 642	Nåverande		
AN1	Ferdsel på sjø	6100	Ankringsone	145 250	Nåverande		
LÅ1	Fiske	6300	Låsettingsplass	12 554	Nåverande		

LÅ2	Fiske	6300	Låssettingsplass	143 791	Nåverande		
S1	Småbåthamn	6230	Småbåthamn Folkedal	4 614	Nåverande		
AK1	Akvakultur	6400	Skalldyrproduksjon	15 364	Nåverande		

